



Regional planstrategi 2016-2020

Invitasjon til samråd om felles strategi for utvikling av Hordaland

8. og 9. mars 2016

Grand Hotel Terminus, Bergen



Til kommunane i Hordaland ved ordførar

Invitasjon til felles samråd om utvikling av Hordaland under fylkestinget 8. og 9.mars i Bergen

Hordaland fylkeskommune vil styrke dialogen og samhandlaga med kommunane innan alle verksemdsområde. Vi vil nytte fylkestingssamlinga 8. og 9.mars til ein arena for å forme felles mål og strategiar for utviklinga av fylket. Dette fell saman med at det nye fylkestinget skal utarbeide ein regional planstrategi og at kommunane samstundes skal utarbeide ein kommunal planstrategi. Tidspunktet er såleis gunstig for å læra om kvarandre sine utfordringar og sameinast om prioriteringar vidare. Ettermiddagen og kvelden 8.mars er avsett til dialog mellom fylkestinget og ordførarane i kommunane. Føremiddagen 9.mars er avsett til ei arbeidsøkt for ny strategi for Hordaland. Her tar vi også med oss innspela frå gårdsdagen. Denne dagen blir også ei rekkje statlege organ og ulike organisasjonar invitert.

Velkomen til ein viktig verkstad for utvikling av Hordaland!

Venleg helsing

Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar



Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar



Program

8.mars Fylkestinget møter ordførarane

- 17.30 Velkomen – ved fylkesordfører Anne Gine Hestetun
Innleiing om utfordringar for Hordaland – fylkesrådmann Rune Haugsdal
Gruppearbeid om felles strategiar og satsingar – ordførarane og fylkestinget
- 19.15 Pause med forfriskingar
- 20.00 Felles middag i Forskjønnelsen

9.mars Samråd om regional planstrategi – utviklingsplan for Hordaland

- 08.30 Kaffe og matbit
- 09.00 Velkomen – ved fylkesordfører Anne Gine Hestetun
- 09.10 Utvikling i heile Hordaland – særtrekk og felles utfordringar ved ordfører frå kvar region
- 10.10 Kort pause
- 10.20 Utfordringar og satsingar sett frå regional stat – ved assisterande fylkesmann Rune Fjeld
Ungdom former framtida – ved leiar Ungdomens fylkesting Vegar Kleppe
Bergen og Hordaland felles utviklingsstrategi – ved byrådsleiar Harald Schjelderup
- 11.00 Kort pause
- 11.15 Er vi på rett veg? – synspunkt ved utvalsleiarane i Hordaland fylkeskommune
Plenumsinnspel
Sluttord
- 12.30 Lunsj

Praktisk:

Deltaking og overnatting på Grand Hotel Terminus vert dekt, men vi treng å vite kor mange og kven som kjem. Derfor treng vi påmelding elektronisk her:
<http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2016/Samrad-om-regional-planstrategi/>

Frist for påmelding er 1.mars

Meir informasjon og dokument her: www.hordaland.no/plan



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.